



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
03.08.2017
Dykkar dato
10.07.2017

Vår referanse
2015/13130 421.4
Dykkar referanse

Fedje kommune
Adm.bygg
5947 Fedje

Uttale til Offentleg ettersyn, Fedje gnr. 169 bnr. 47, Reguleringsplan for Kremmarholmen fabrikk nr 8.

Vi viser til brev av 10.07.2017 med melding om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Kremmarholmen fabrikk nr. 8, gnr. 169 bnr. 93. Høyringsfrist 31. august.

Fylkesmannen har nokre merknader til planen.

Arealformål

Fylkesmannen meiner at planen er uklar på nokre område. Det er uheldig at formålet bustad/tenesteyting fortset utanfor byggegrensa. Byggegrensa i kartet er også noko uklar.

Fylkesmannen meiner, som kommunen, at det er viktig å sikre at allmenta får tilgang til strandsona. Føresegn 3.1.1 prøver å sikre dette. Fylkesmannen meiner at det likevel kan oppstå konfliktar om dette, spesielt med tanke på leilegheita i første etasje.

For å sikre at planen vert eintydig og for å sikre at allmenta får varig tilgang til området vil Fylkesmannen rår til at det vert nytta eit offentlig formål utanfor byggegrensa. Dette kan til dømes vere kai.

Fasaden

Kommunen skriv at fasaden på bygningen skal bevarast slik den var. Om kommunen ynskjer å sikre dette bør det stillast krav i føresegna jf. Plan- og bygningslova (pbl.) §12-7 punkt 6.

Føresegnene

I føresegn 3.3 står det mellom anna: *Området inklusive leikeareal for barn med leikeapparat, skal være opparbeidet før det gis brukstillatelse til boliger.* Dette er eit rekkjefølgjekrav og bør difor stå under føresegn 2.2.

Risiko og sårbarheit

Fylkesmannen kan ikkje sjå at akseptkriteria i ROS-analysen er definert på ein tilfredstillande måte. Det er ikkje definert kva som er meint med omgrepa knytt til sannsynlegheit og konsekvens. Analysen presiserer heller ikkje om det er tale om liv og helse, miljø eller materielle verdiar. Dette må gjerast.

Pbl. § 4-3 krev at alle risikotilhøve skal vurderast. TEK 10 definerer kva som er akseptabel

risiko på nokre område, mellom anna flaum og skred. På andre område må kommunen sjølv definere kva som er akseptabel risiko.

Vi viser her til rettleiar frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) «*Samfunnssikkerhet i arealplanlegging – Kartlegging av risiko og sårbarhet*». Denne er tilgjengeleg på DSB sine nettsider www.dsb.no. I tillegg må DSB sine nettsider om klimatilpassing nyttast. Her finn de informasjon om korleis klimatilpassing skal takast inn i planarbeidet, om spesifikke klimautfordringar (havnivåstiging, ekstremvær, flaum, skred og overvatn), om roller, ansvar og regelverk m.m.

Vi vil her poengtere at de ikkje må nytte ROS-vedlegget i reguleringsplanrettleiaren frå Miljøverndepartementet, då det ikkje er i samsvar med krava i TEK 10.

Vi viser til « NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger». Av denne går det fram at akseptkriteria skal definerast før sjølve ROS-analysearbeidet tek til. Akseptkriteria bør, sidan dei kan medføre økonomiske konsekvensar, vere forankra i kommunestyret. Vi viser i så måte til kommunelova §§ 44 og 45. Av praktiske omsyn kan det også vere naturleg å tenke lik prosess for ROS-analyser etter plan- og bygningslova som for ROSanalyser etter «sivilbeskyttelseslova», utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

Vi set det som ein føresetnad at akseptkriteria i ROS-analysen vert definert i samsvar med TEK 10.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen